



Arkivnr: 2016/1725-1
Saksbehandlar: Heidi Bjønnes Larsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		24.02.2016

Representasjon til styringsgruppa til Fylkeskommunalt oppfølgingsprogram Kystskogbruket

Samandrag

Oppfølginga av Melding om kystskogbruket skjer i eit samarbeidet mellom fylkeskommunane kalla Felles Fylkeskommunalt Oppfølgingsprogram. Fylkesrådmannen har hatt folkevald representasjon til styringsgruppa til Felles Fylkeskommunalt oppfølgingsprogram Kystskogbruket. Representanten er ikkje lenger medlem i fylkestinget. Fylkesrådmannen rår til vidare representasjon og det bør gjerast ei ny oppnemning om det er ønskjeleg at representanten er fylkestingsmedlem.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet oppnemnar ... som folkevalt representant til styringsgruppa for Felles Fylkeskommunalt oppfølgingsprogram

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 10.02.2016

Kystskogbruket er eit samarbeid mellom alle kystfylka frå Finnmark i nord til Aust-Agder i sør. Målet er å realisera potensialet i skogbruket langs kysten. Melding om kystskogbrukt 2015 leggest til grunn for samarbeidet. Oppfølginga av Melding om kystskogbruket skjer i eit samarbeidet mellom fylkeskommunane kalla Felles Fylkeskommunalt Oppfølgingsprogram.

Juni 2015 blei Melding om kystskogbruket 2015 handsama av fylkesutvalget (PS 170/2015). Fylkesutvalget tok meldinga til orientering og vedtok at Hordaland fylkeskommune vil følgje opp Kystskogbruksmeldinga i samarbeid med dei andre deltakande fylkeskommunane.

Førre val periode deltok Jostein Ljones frå Senterpartiet i styringsgruppa for Felles Fylkeskommunalt Oppfølgingsprogram. Ljones er gått ut av fylkestinget.